

## Vedtekter for Sameige Ikenberget 1

Vedtektene gjeld gnr. 137 bnr. 613, 614, 615, 616, 617, 618, 619, 620, 621 og 588.+

### Pkt. 1 Formål

Å ivareta og vedlikeholda sameiget sitt område m/eigedelar og felles interesser.

Koordinera sosialt fellesskap og dugnad.

### Pkt. 2 Medlemmer

Sameige inneheld 24 bueningar der kvar partshavar er medlem - jamfør tinglysingsdokument- Kvar buening har ei stemme.

Representant må vera fylt 18 år.

### Pkt. 3a - Felleskostnader

Felleskostnader vert fastlagt på kvart årsmøte/ekstraordinært årsmøte.

### Pkt. 3b - Forsikring

Forsikring for 4-mannsbustadane kan avtalas under eitt. Ved misleghald/ikkje betalt avgift, kan forsikringane delast opp for kvar bygning. Slike avgjerder må handsamast på allmøte.

### Pkt. 4. Årsmøtet.

Årsmøtet skal haldast i første halvdel av mars kvart år.

Møtet skal kallast inn med 3. vekers varsel.

Årsmøtet skal handsama:

1. Årsmelding
2. Rekneskap i revidet stand
3. Felleskostnader
4. Budsjett for neste driftsår
5. Innkome framlegg
6. Valg

Innkomne framlegg må vera styret i hende seinast 8 dagar før årsmøtet.

Årsmøtet er vedtaksført med det tal medlemmer som er på årsmøtet. Vedtak er gyldig med simpelt fleirtal.

Årsmøtet godkjenner revisor.

#### Pkt. 5. Ekstraordinært årsmøte

Dette kan haldast når styret krev det, eller 1/3 av medlemmene krev det. Dette skal kallast inn med 14 dagars varsel.

#### Pkt. 6. Allmøter

Allmøte vert halde når styret finn det nødvendig.

#### Pkt. 7. Styret

Styret tel 5 personar + varamedlemmer.

Leiar, Nestleiar, Skrivar, Kasserar. 1. medlem.

Leiar vert vald kvart år på årsmøtet. Deretter konstituerar styret seg sjølv.

Valperiode er 2 år. Veksling ved at 2/3 medlemmer er på val kvart år. Varamedlemmer er på val kvart år.

Varamedlemmer har møterett på styremøta og får innkalling til kvart møte.

Valansvarleg: Dette vert å leggja til varamedlemmene.

#### Pkt. 8. Styret sitt arbeid

Leiar leier styret sitt arbeid, møter og event. Forhandlingar.

Nestleiar fungerer som leiar når denne er fråverande.

Skrivaren skal føra referat frå alle styremøter, allmøter og årsmøtet., og event. i samarbeid med leiar føra laget si korrespondanse.

Kasserer fører aleine eller i samarbeid med rekneskapsfører rekneskap over sameige sine midlar, har ansvar for oppfølging av felleskostnader, inntektet og utgifter i sameiget.

Styret har i sitt arbeid ansvar for å utpeike rekneskapsførar og revisor, samt samarbeide med desse for å oppfylle krav stilt til sameige frå offentlege instansar mfl. Fleirtal i styret peiker ut revisor og rekneskapsførar. Den daglege kontakten med desse vert å leggja til kasserar.

Leiar og kasserar i felleskap har underskriftsrett.

Ein del av arbeidet i styret er oppfølging av vedlikehaldet på fellesarealet. Få fellesarbeidet gjort ved dugnader, og arbeida vidare med saker sameiget er oppteken av for å etablere eit godt og inkluderande bumiljø for alle.

#### Pkt.9 Dugnader.

Styret kallar inn til fellesdugnader. Alle har eit særskilt ansvar for å ta del, eller senda nokon for seg. Alternativ er å betala kr 200 pr. dugnadskveld. Dugnadsinnsats kan vera alt frå steinarbeid til kaffi-koking.

#### Pkt 10 Vedtekter

Vedtektene kan berre endrast av årsmøtet eller ekstraordinært årsmøte.

#### Pkt. 11a - Informasjon

Kvar buening skal ha referat frå kvart styremøte, årsmøte, ekstraordinært årsmøte og allmøte.

#### Pkt. 11b - Informasjonsplikt

Kvar buening/eigar er pliktig å informere styret dersom eininga skiftar eigar og/eller bebuar.


#### Pkt. 11c - Behandling av informasjon

For å oppfylle krav frå myndigheter og/eller andre instansar må sameiget styret innhente og oppbevare sensitiv informasjon. Styret er pliktige til å overholde allmenne retningslinjer for behandling av slik informasjon. Kvart styremedlem er bunden av taushetsplikt knytta til denne informasjonen.

Pkt 12 Utbygging

Det skal sendast nabovarsel, jamfør granneloven, samt søknad til kommunen med kopi til styret ved eventuell utbygging.

Vedteke på ekstraordinært årsmøte 19. august 2008



Roald Rossnes  
Leiar i styret.